

Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane Nei til EU

til

NOU 2:2012 Utanfor og innanfor (Europautgreiinga)

Innleiing: Sogn og Fjordane Nei til EU har merka seg at regjeringa har bestilt ei forskingsbasert utgreiing om Noreg sitt tilhøve til EU. Mot denne bakgrunnen er det oppsiktsvekkande at fleirtalet tillet seg heilt opplagde synsingar vedkommande den gjeldande tilknytingsforma vår. Dette gjeld til dømes udokumenterte påstandar om at vi treng EØS for å selje varene våre. Sjølv om utgreiinga i hovudsak gir eit godt kunnskapsgrunnlag for ein viktig samfunnsdebatt i Noreg, har ho veikskapar, feil og manglar som bør rettast opp i den kommande stortingsmeldinga.

Myteprega debatt: Utvalet medverkar til å nøre opp om ein myteprega debatt basert på at vi kan takke EØS for den økonomiske oppgangen dei siste 20 åra, ein av mange påstandar utan ei fagleg grunngjeving. Etter vårt syn føreligg det gode grunnar for å rekne med at utviklinga i Noreg primært kan tilskrivast særeigne nasjonale tilhøve. Vi oppfattar det som overflatisk og lite tillitvekkande når utvalsfleirtalet ikkje ein gong prøver å leggje på bordet ein forskingsbasert dokumentasjon for synet sitt.

Husmannskontrakt? Utvalsfleirtalet stør og opp om oppfatninga at EØS er ein husmannskontrakt utan å reflektere over at årsaka kan vere at vi i svært liten grad har gjort oss nytte av den avtalefesta reservasjonsretten. Stort sett har vi implementert aktuelle direktiv utan å vurdere om desse er nyttige eller skadelege for Noreg som nasjon. Dermed kan ein med ein viss rett hevde at Noreg ikkje har nyttiggjort seg den avtalefesta retten til å vere herre i eige hus. Det er og verd å merke seg at framstillinga av dei moglege verknadene av å bruke reservasjonsretten er til dels svært mangelfull, og til dels gir eit urett bilete. Dette gjeld til dømes når utvalsfleirtalet overser at EØS-avtala pålegg partane ei lojalitetsplikt og eit generelt proporsjonalitetsprinsipp.

ESA: Ein kan og merke seg at utvalet berre overflatisk går inn på ESA sitt arbeid, og då absolutt ikkje på ein måte som kan kallast forskingsbasert. Det er såleis direkte feil når utvalet legg til grunn at dette organet i hovudsak arbeider med saker der norske borgarar nyttar klageretten sin. Dersom fleirtalet av utvalet hadde brydd seg med å dokumentere synspunkta sine, ville ein raskt ha oppdaga at ESA over tid har opna meir enn dobbelt så mange saker på eige initiativ, jamført med talet på klagesaker. Sogn og Fjordane NTEU ser det som kritikkverdige at utvalet ikkje har gått inn på ein kritisk analyse av ESA sitt arbeid.

Arbeidslivet: Utvalet har i hovudsak gitt ei ryddig framstilling av EU sin arbeidslivspolitik og rettsutviklinga i EØS-området. Men vurderingane kring mellom anna Lavaldommen sin verknad for norsk arbeidsrett held ikkje. Dette vert understreka av at etter utvalet leverte si utgreiing, har vi fått ein dom frå norsk høgsterett, basert på ein EU-dom som viser at EU-lovgjevinga får innverknad på og overprøver norske tariffavtaler (pilotsaka).

Velferd og helse: Sogn og Fjordane NTEU konstaterer at Pasientrettsdirektivet, som så

langt ikkje er vedteke i Noreg, vert framstilt som uproblematisk og positivt. Debatten kring direktivet har vist ei rekke negative sider utan at dette i det heile vert vektlagt. Nemnast kan auka kostnader ved tilrettelegging av det norske helsevesenet, verknadene av stykkprisfinansieringa, fare for auka smitte over landegrensene, problem knytt til at Noreg ikkje kan stille behovskrav ved godkjenning av nye legemiddel og at eineretten til Norsk Medisinaldepot på import og vidareasal av legemiddel vert fjerna. Det er og påfallande at utvalet ikkje har vektlagt at mediedirektivet kan føre til alkoholreklame retta mot norske sjåarar.

Distrikts- og regionalpolitikken: Sogn og Fjordane NTEU viser til at sjølv om utvalet har ein god gjennomgang av avtalene vedkommande distrikts- og regionalpolitikken, har ikkje utgreiinga ein analytisk gjennomgang av kva som vert konsekvensane av desse avtalene. Her er heller ikkje vist til eller henta inn resultat frå forskning og undersøkingar som faktisk finst. Dette gjeld til dømes reglane om offentlege innkjøp, der det føreligg forskingsbasert dokumentasjon. Slik er det og med ESA sin innsats når det gjeld den langvarige striden om den differensierte arbeidsgjevaravgifta, der ein for fyrste og einaste gongen måtte ta i bruk ODA-protokollen, som er unntaksregelen i EØS-avtala. Utvalet vel å oversjå at European Institute of Public Administration i ein studie har slege fast at kommunale og offentlege instansar korkje vert høyrde eller tekne omsyn til i EU-prosessar. Det gjeld og privatiseringspresset som konsekvens av EU sitt statsstøtte- og tilbodsregime. Vi etterlyser ein analytisk gjennomgang av korleis norske styresmakter utviklar rettleiarar, klageordningar, tilsyn og kurs for å sikre ei slavisk etterleving av det formelle regelverket. Det vert ikkje vurdert om det kunne ha vore meir føremålstenleg og medført eit betre tilbod dersom ein valde å drive tenestene i eigenregi. Ein bør analysere korleis 20 års praksis har verka inn på det norske lokaldemokratiet.

Energi: Utgreiinga hevdar at lisensdirektivet primært var ei presisering av dei generelle reglane for fri konkurranse i EU/EØS. Utvalet analyserer ikkje verknadene av at Stortinget, etter sterkt press frå ESA, endra Petroleumslova § 10-2, den såkalla distriktsparagrafen, slik at distriktspolitiske og nasjonale omsyn ikkje lenger er styrande for norsk oljepolitikk. Utvalet analyserer heller ikkje konsekvensane av EUs Gassmarknadsdirektiv, der det er blitt dokumentert at det årlege økonomiske tapet for Noreg ligg kring 9 milliardar kroner. Utvalet går også lite inn på det historiske faktum at EØS-avtala kan praktiserast stikk i strid med ordlyden, slik tilfellet var når det gjeld energi og mellom anna saka om heimfallsretten. Med tilvising til mellom anna denne saka, hadde det vore rimeleg å vente ein analyse av kva ein mot denne bakgrunnen kan vente frå EU i framtida. Utgreiinga skildrar og verdien av industrikraftregimet, men analyserer ikkje i kva grad den nye, marknadsbaserte modellen kan fremje det tidlegare industrikraftregimet sine mål.

Mat og landbruk: Fleirtalet i komiteen hevdar utan noka form for analyse eller fagleg vurdering at det i hovudsak har vore uproblematisk for Noreg å ta inn regelverket vedkommande mat og veterinærområdet. I staden vel fleirtalet å karakterisere debatten som skremselspropaganda i etterkant av EU-debatten i 1994. Norsk landbrukspolitikk vert elles karakterisert som proteksjonistisk og uheldig for forbrukarane, og eit problem for tilhøvet til EU. Ein vel på den andre sida å oversjå at EU har ei sterk skjerming overfor land utanfor EU. Sogn og Fjordane NTEU konstaterer at utgreiinga systematisk overdriv dei positive og bagatelliserer dei negative verknadene av EØS-avtala for norske forbrukarar og veterinærfeltet. Verdien av ein relativt sjølvstendig norsk landbrukspolitikk vert ikkje vurdert

positivt. Ein ligg her på kollisjonskurs med det norske synet slik dette kjem til uttrykk i mellom anna Landbruksmeldinga. Etter mandatet skulle utvalet vurdere dei distriktpolitiske verknadene av EØS i Noreg. Dette blir i liten grad fylgt opp når det gjeld mat og landbruk.

Fisk: Utvalet vurderer i liten grad dei distriktpolitiske verknadene for fiskerinæringa. Kyst-Noreg er eit ikkje-omgrep i utgreiinga. Dette trass i at fiskeria er ein viktig del av den norske verdiskapinga. Rett nok er fiskeria ikkje direkte omfatta av EØS, men like fullt føregår det ei EU-tilpassing som hadde vore vel verd å analysere. Det blir heller ikkje gått inn på at mens EU har eit fangstregime som har hatt katastrofal innverknad på viktige fiskebestandar, har Noreg hatt ein relativt sett vellukka fiskeripolitikk. Utvalet sitt perspektiv kan snilt karakteriserast som mangelfullt, og utvalet har ikkje forsøkt, under alle omstende ikkje lukkast i, å gjennomføre ein kritisk analyse av EØS-avtalen på fiskerifeltet.

Konklusjon: Sogn og Fjordane NTEU meiner det er urovekkande at Europautgreiinga på så mange område gir misvisande eller villeiande informasjon om den reelle, dagsaktuelle situasjonen vår i høve til EU/EØS. Dette bør medføre at regjeringa må sikre seg eit breiare spekter av kjelder på ei rekke område når det skal utarbeidast ei stortingsmelding. Konfliktpotensialet knytt til EU-lovgjevinga og ESA/EFTA-handsaminga av denne er stort. Stortingsmeldinga må på ein betre måte få dette fram, og dermed også stake ut ein veg slik at konsekvensane i framtida blir minst mogleg negative og mest mogleg positive for Noreg.